

Kulturskule

Generelt

Kulturskulen er eit musikk- og kulturfagleg tilbod. Tilbodet er organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles.

Målgruppe

Born i barnehage, elevar i grunnskule og vidaregåande skule, born og vaksne med spesielle behov og det lokale musikklivet i kommunen.

Kriterium/vilkår

Søknadar om opptak i kommunale musikk- og kulturskular skal handsamast etter allmenne forvaltningsrettslege reglar, som mellom anna vernar mot usaklege forskjellshandsaming.

Brosjyrar, dokument, kart og liknande

I tillegg til opplysningar og elektronisk søknadsskjema på kulturskulen si heimeside, blir det kvart år lagt ut ein enkel brosjyre m/ søknadsskjema på Rådhuset, på Kvinnherad bibliotek på Husnes og på Bokbussen.

Samarbeidspartnarar

[Norsk kulturskoleråd](#)

Regelverk

Gjeldande lov- og regelverk

Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskoletilbod til barn og unge.

Lover

[Opplæringslova § 13-6](#)

Praktiske opplysningar

Rettleiing - korleis få utført eller motta tenesta

For plass må du søkja direkte til kulturskulen. Når du søker elektronisk, får du ei stadfesting i form av eit ID-nr på at søknaden er registrert og motteken. For å halda på plassen, må "gamle" elevar og dei på venteliste re-registrere seg kvart år. Rektor er ansvarleg for opptaket. Søknad om kjøp av dirigenttenester i det lokale musikklivet skjer på eige papirskjema.

Skjema

Elektroniske søknadsskjema for å søkja plass (nye elevar):

[Elektronisk søknadsskjema kulturskulen](#)

Re-registrering (noverande og tidlegare elevar og dei på venteliste) loggar på her:

[Re-registrering](#)

Papirskjema for søk om dirigenttenester finn du her:

[Søknadsskjema om dirigenttenester](#)

Vedlegg

Vi oppmodar om å søkja elektronisk via kulturskulen si heimeside. Dei som ikkje har tilgang til Internett kan finna papirskjema på Rådhuset, på biblioteket på Husnes eller på Bokbussen.

Søknadsfrist

Dirigenttenester: 1. januar!

Re-registrering (noverande og tidlegare elevar og dei på venteliste): 1. april!

Elevplass (nye elever): 15. april!

Send søknaden til

Papirsøknad skal sendast til: Kvinnherad kommune, Rådhuset 5470 Rosendal

Kontaktinformasjon

Kontaktpersonar:

Namn: Kirill Zimin (rektor/einingsleder)

E-post: kirill.zimin@kvinnherad.kommune.no

Telefon: 53 48 34 31

Post- og besøksadresse: Sentrumsvegen 35, 5460 - HUSNES

Andre opplysningar

Interne opplysningar

Skulane har sine egne inntakskrav. Kva for tilbod som blir gjevne og omfanget av undervisninga, blir fastsett av den økonomiske ramma som kommunen løyver.

Vi viser her til opplysningar på kulturskulen si heimeside www.kulturskulen.kvinnherad.no